Oppsummering Hallingprøva 2026

Hallingprøva vart arrangert 20. – 22. mars med Geilo Hotel som hovudkvarter og sekretariat for prøva.

Påmeldinga var som vanlig stor, noko som resulterte i ventelister. Av erfaring veit me at ventelistene vert mindre og mindre etter kvart som prøven nærmar seg. Med fasiten i hand vart det slik at alle som møtte på opprop gjennom helga, fekk plass😊

Gode terreng er viktig for å kunne arrangere jaktprøver. Me er så heldige å ha velvillige grunneigarar og jakt leigarar, som låner og leiger ut flotte terreng i Nore og Uvdal, Ål og Hol kommune.

Ein stor takk til dekan!





Veldig kjekt at mange ynskjer å dømme på prøva vår, og det lover godt for prøvesporten når me har «venteliste» på dommarkandidatar 😊 7 dommarelevar frå Trøndelag til Rogaland hadde me kapasitet til i løpet av helga.

Premieringsprosent

Hallingprøva 2026			
Premiering	**Ant start**	**Ant pr**	**Pr%**
UK/AK	**217**	**43**	**19,4 %**
VK	**66**	**14**	**21,2 %**
Samla	**283**	**57**	**19,8%**

57 premierte i løpet av helga gir ein samla premieprosent på 19,8%. Nær halvparten av dei som starta hadde sjanse på fugl.

Fredag sendte me ut 6 UK/AK partier. Nydeleg vær, og brukbart med fugl og registrerte sjansar. Føret var som frykta krevjande og brutalt i dei fleste terreng. Likevel vart det delt ut 16 premiar denne dagen, noko som må seiast å vera svær bra.

Laurdag var det 6 UK/AK partier og 3 VK kvalifiseringspartier som reiste ut frå opprop på Geilolia skisenter. VK kval gjekk i Ynglesdalen, Smådøla og Syningan/Rustbøle. Det vart delt ut 15 premiar i kvalitetsklassene og 12 premiar i VK kvalifisering. Fantastisk bra! I tillegg gjekk 6 vidare til VK finale utan premie.



Ein trivelig jegermiddag med loddtrekning på kvelden vart det også.

Søndag og siste prøvedag sendte me ut 6 kvalitetsparti, og VK finale. I kvalitetsklassane var det ledige plasser då vêrmeldingane ikkje var like gode, og mange hadde fått kjenne på det brutale føret gjennom helga. Likevel vart det delt ut 12 premier i kvalitetsklassane og 2 i VK finale denne dagen. Finalen gjekk på Syningan/Rustbøle der Dag Inge Bruflot med ES Grindafjellets Fru Lyng vant 1.VK finale. 2.VK finale til Vigdaættas Flus og Andreas Læchen/Monica Sawicz.

VK finalen ble dømt av Roger Størseth og Ole Anders Østby.



Dag Inge med Fru Lyng



Monica Sawicz med Flus

Tusen takk til velvillige grunneigarar og terrengleigarar, positive og trivelege deltakarar. Og ikkje minst takk til alle dommarar, dommarelevar og settedommarar, som stiller opp på ein positiv og engasjerande måte.

Takk til NKK representant Roger Størseth og NKK vara Morten Løken!

Og ikkje minst; Ein stor takk til våre prøvesponsorar:



Marianne Sagstad- Prøveleder

Prøveleiinga bestod av Jeanette Wie, Bjarte Søgaard, Øyvind Olstad, Odd Harald Sørbøen, Bjørn Sletto, Jan Are Gildestad, Tore Husebø, Rolf Mykkeltvedt og Dina Marie Fiskvik.
Tusen takk for innsatsen! Uten alle dere hadde ikke Hallingprøva 2026 blitt til 😊